



Arkivnr: 2016/2297-3

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		07.09.2016
Fylkesutvalet		21.09.2016

### Opprusting av tannklinikkar - budsjettendring 2016

#### Samandrag

I budsjettet for 2016 er det løyvd til saman 20 million kroner til opprusting av tannklinikkar. Av desse 20 millionane er 15 million kroner øyremarka ny tannklinikk på Askøy. I denne saka rår ein til at ufordelt på 5 million kroner vert fordelt med ytterlegare 4,9 million kroner til ny tannklinikk på Askøy, og at 0,1 million kroner vert løyvd til ny tannklinikk på Knarvik

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordelingar av midlar til investering i tannklinikkar som skissert i saksframstillinga og det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	53002000	02320	01079 Nye Askøy Tannklinikk	4 900 000	
10	52002000	02320	01081 Nye Knarvik Tannklinikk	100 000	
10	778.020.00	02301	01999 Tannhelse – Samleløyving 2016		5 000 000
				5 000 000	5 000 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
direktør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Fylkesrådmannen, 16.08.2016

I budsjettet for 2016 er det løyvd til saman 20 million kroner til opprusting av tannklinikkar. Av desse er det vidare bestemt at 15 millionar skal nyttast til ny tannklinikk på Askøy (Kleppestø).

### **Nye Askøy tannklinikk**

Første løyvinga til ny tannklinikk på Askøy vart gjeve tilbake i 2013 då det i FU sak 283/2013 vart løyvd 0,1 million kroner i planmidlar. Bakgrunnen for vedtaket var at det var ynskjeleg med samlokalisering av dagens to klinikkar, samt at spesielt Kleppestø Tannklinikk hadde behov for omfattande utbetring eller nybygg.

Det tok tid å finne sentrale og egna lokale for ein samlokalisert klinikk, men avtale om leige i Kleppestø Senter vart signert sumaren 2015, og innanfor rammeløyva er det løyvd 15 million kroner til prosjektet i 2016.

Med bakgrunn i inngåtte avtalar og løyvingar vart det i vår lyst ut anbod på ombyggingsarbeider med meir. Etter innhenting av alle anbod ser ein at samla kostnad vil overskride samla løyvinga på 15,1 million kroner. Plasseringa av klinikken inne i eit etablert senter gjev mellom anna ekstra utfordringar og uvisse knytt til tilpassing til andre seksjonar i bygget og eksisterande teknisk infrastruktur. Ein må og ta høgde for interne prosjektkostnader. Samla, inkl. reserve, rår ein difor til at det nå vert lagt til grunn ein samla kostnad på om lag 22,9 million kroner. I henhold til gjeldande framdriftsplan starta arbeidet opp nå etter sumaren, og skal vere fullført til nyttår, med sluttoppgjør og innflytting på nyåret. Ein legg difor til grunn at samla forbruk ved årsslutt vil være 20 million kroner, og at sluttfinansiering må skje i 2017. Ein rår til at det vert løyvd ytterlegare 4,9 million kroner til prosjektet i 2016.

### **Nye Knarvik tannklinikk**

Dagens avtale knytt til tannklinikk lokale på Knarvik går ut i løpet av 2018. I FT-sak 6/2016 «Tannehelsetenesta – Klinikstrukturplan 2015 -2020» er det vedteke at

«Ny tannklinikk i Helsehuset Nordhordland blir etablert i 2018 med 10 behandlingsrom. Helsehuset Nordhordland er under planlegging, og tannhelsetenesta deltek i prosjekteringa.»

I samband med dette er det behov for å hente inn ekstern kompetanse for å få prosjektert ut ein god løysing for den framtidige klinikken. Ein rår til at det blir løyvd 0,1 million kroner frå årets rammeløyving til å finansiere pågåande prosjektering og planarbeid.